

Notat – ressurs til undervisning på UPH

Undervisninga på Ungdomspsykiatrisk helseinstitusjonar (UPH) er heimla i Opplæringslova § 13-3 a. Plikt for fylkeskommunen til å sørge for grunnskoleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i helseinstitusjonar. UPH har også ansvar for barn som av ulike årsakar er innlagt i somatisk avdeling dvs. ved barneavdelinga ved sjukehuset.

Det er plass til 6 elevar på UPH. På barneavdeling og ved somatikken varierer talet veldig. Ungdommar som er innlagt i voksen psykiatrien har også rett på undervisning. Mange av desse elevane er for sjuke til undervisning og lærarane underviser difor lite på denne avdelinga.

På grunn av akuttpostar/ akutt somatikk, er ein avhengige av at lærarane er fleksible både i høve timeplanar og ulike møter. Timeplanane må ofte endrast, og dei har ingen fast timeplan frå veke til veke. På denne måten greier dei å nytte ressursen på best måte. I høve barneavdeling bytter dei på kven som tek undervisninga etter korleis arbeidsbelastninga er på dei ulike avdelingane. Dette har fungert fint. Denne fleksible ordninga gjer at ressursane vert nytta godt og at dei i mindre grad slepp unngå å leige inn vikar ved korte fråvær.

På Uph er det ein sjeldan gong ei- til- ein undervisning, men mest to elevar pr. lærar. I dei tilfella at det er ein- til- ein, er det grunna eleven sin sjukdom. Eleven har då ofte få timar pr. dag.

Det er i dag fire lærarstillingar knytt til Mo og Øyrane vgs. sin avdeling på UPH. Dette er inkludert leiar for avdelinga, der leiingsprosenten er 25 %.

Grunna den økonomiske stoda til fylkeskommunen og reduserte rammer i leiingsressursen, er det naudsynt med ei omorganiserer i drifta på Mo og Øyrane vgs. To og to avdelingar vert frå skuleåret 2016-2017 administrativt slegne saman med ein felles avdelingsleiar. Avdelingsleiar for UPH vil frå skuleåret 2016-2017 ha ansvar for drift av undervisning på UPH, ved barneavdelinga på sjukehuset, logopedi i tillegg til alle fellesfaglærarane ved Mo og Øyrane vgs. I tillegg vil avdelingsleiar sjølv undervise i om lag 15 % stilling. Det er ulike vinsar ved denne omorganiseringa. Med felles avdelingsleiar for fellesfaga og UPH ser me føre oss ei enda betre nytting av lærarressursane ved dei to skulestadane med tanke på vikarordninga.

Liv Horvei